



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3781 - 15/34926

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
13.11.2015

## Høyrings sak haster - søknad om utvida utsleppsløyve i samband med bruksendring frå hotell til asylmottak for gbnr 99/31 Våge.

Lindås kommune mottok 12.11.2015 søknad om utvida utsleppsløyve for gbnr 99/27 og 31 i samband med at det skal søkjast om bruksendring frå hotell til asylmottak.

Det vart i vedtak datert 03.04.2008 gitt utsleppsløyve for gbnr 99/31 i samband med løyve til bruksendring frå forretningsbygg til pensjonat. Utsleppet sin storleik er oppgitt til 35 pe. Utsleppet vert reinsa i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac.

Restaurantbygget på gbnr 99/27 har vore del av hotelldrifta på gbnr 99/31 og utsleppet frå dette bygget har vore knytt til reinseanlegget for sjølve hotellbygget på gbnr 99/31. I samband med at bygga no er planlagt tatt i bruk som asylmottak vert det søkt om utvida utsleppsløyve frå 35 til 70 pe. Søknaden omfattar både gbnr 99/27 og 99/31.

Avlaupsanlegget vart ved etablering tilrettelagt for framtidig utviding. Oppgraderinga består av at det vert installert ein ekstra reaktortank. Avlaupet frå reinseanlegget vert ført i tett leidning til sjø i Vågsvika som ligg inst i Fjellangervågen.

Resipienten har naturleg dårlege tilhøve der det vert sett krav til reinsing av kloakk i biologisk/kjemisk reinseanlegg slik det her er søkt om.

Utsleppsplanlegg for 70 pe skal handsamast i samsvar med forureiningsforskrifta kap 13. Søknaden er ikkje fullstendig. Kommunen vil be om tilleggskdokumentasjon.

Då arbeidet med etablering av asylmottak er ei prioritert samfunnsoppgåve og tidsfristar for etablering av anlegga er kort, sender vi likevel saka på høyring slik ho no ligg føre. **Av same grunn ber vi om at det vert gitt rask tilbakemelding i saka.**



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om utvida utsleppsløyve for gbnr 99/27 og 99/31 Vågseidet  
99-27,31 VA-kart  
Gbnr 99-27,31 oversiktskart

**Kopi til:**

Jenfrid Jhr AS	Troldhaugvegen	5232	PARADIS
	53		
Lindås VVS NT AS	Pb 42	5951	LINDÅS

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
--------------------------	---------------	------	--------